



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## **Møteinkalling**

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** E-post, E-post

**Dato:** 03.05.2021

**Tidspunkt:** Frist for svar 3 mai 2021

---

## **Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 30/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 31/21	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 32/21	Søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av stølshus på Øvre Espedalsstøl, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 48/1, Sandnes kommune - Torbjørn Espedal

**AU 30/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 31/21 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen  
saman med styreleiar**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/4261-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 04.05.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	32/21	03.05.2021

## **Søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av stølshus på Øvre Espedalsstøl, Frafjordheiane landskapsvernombord, gnr/bnr, 48/1, Sandnes kommune - Torbjørn Espedal**

### **Vedlegg**

Søknad frå Torbjørn Espedal med teikningar av nytt bygg er sendt AU medlemmane på e-post.

### **Forvalters innstilling**

I medhald av §2, §3, punkt 1.1 og §3, punkt 1.3, bokstav a i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernombord får Arvid Espedal dispensasjon til gjenoppbygging stølshus på Øvre Espedalsstølen, bnr/gnr, 48/1 i Sandnes kommune.

Den nye bygningen skal ha eit areal på inntil 16m<sup>2</sup> (BYA) som tilsvarar arealet på bygningen som vart tatt ned i 2017. Den nye bygningen skal ta utgangspunkt i utsjånaden bygningen hadde etter ombygginga i 1936. Ombygginga skal elles skje etter «Retningslinjer for materialbruk og utforming av bygningar på Øvre Espedalsstøl» som vart vedtatt av SVR i 2017.

Den nye bygningen kan hevast med inntil 65cm i høve til den gamle bygningen. Stavhøgda blir da 185cm. Døropninga kan såleis hevast frå 110cm til 175cm.

Det kan settast inn eit ekstra vindauge på austveggen. Dette vindauget skal ha same utsjånad som dei andre vindauga i bygningen, og skal utformast som vindauga i den gamle bygningen.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane eksisterande bygningar
- Alt avfall frå byggearbeida må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar



## Saksopplysninger

I medhald av §2, §3, punkt 1.1 og §3, punkt 1.3, bokstav a i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernombord får Arvid Espedal dispensasjon til gjenoppbygging stølshus på Øvre Espedalsstølen, bnr/gnr, 48/1 i Sandnes kommune.

Den nye bygningen skal ha eit areal på inntil 16m<sup>2</sup> (BYA) som tilsvrar arealet på bygningen som vart tatt ned i 2017. Den nye bygningen skal ta utgangspunkt i utsjånaden bygningen hadde etter ombygginga i 1936. Ombygginga skal elles skje etter «Retningslinjer for materialbruk og utforming av bygningar på Øvre Espedalsstøl» som vart vedtatt av SVR i 2017.

Den nye bygningen kan hevast med inntil 65cm i høve til den gamle bygningen. Stavhøgda blir da 185cm. Dørropninga kan såleis hevast frå 110cm til 175cm.

Det kan settast inn eit ekstra vindauge på austveggen. Dette vindauget skal ha same utsjånad som dei andre vindauga i bygningen, og skal utformast som vindauga i den gamle bygningen.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane eksisterande bygningar
- Alt avfall frå byggearbeida må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar

## Vurdering

### Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Våren 2021 står det 15 bygningar på Øvre Espedalsstølen, 12 stølshus/hytter og 3 mindre uthus. I tillegg er dei ei ruin etter eit stølshus som har falt ned etter 2004. Bygningane på Øvre Espedalsstølen ligg på ein open stølsvoll om lag 460 moh. Områda rundt stølsvollen består av ein mosaikk av myr og gamal llynghei som delvis er attvaksen med einer. Utanfor her veks ein open beitepåverka fjellbjørkeskog med store innslag av einer. Områda nærmest stølshusa har gjennom fleire år blitt rydda for einer. Øvre Espedalsstølen ligg om lag 500m innafor grensa til Frafjordheiane landskapsvernombord.

Denne delen av Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen og denne låge bruken har vore mørnsteret sidan 1990-talet, og i [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) er det ikkje registrert GPS-plott i området i perioden 2006-2019. Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter sok i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær



---

trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)), samt tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Her er det registrert to setervollar frå førreformatorisk tid ganske nær landingspunktet. Vernestatusen for desse lokalitetane er uavklart. I tillegg er det registrert 11 SEFRAK registrerte bygningar på Øvre Espedalsstølen, 8 stk. i verdiklasse B og 3 stk. i verdiklasse C. Ingen av desse registrerte objekta vil bli påverka av byggetiltaket det er søkt om.

Stølsmiljøet på Øvre Espedalsstøl er omtalt i Forsandboka, bind 3 (1989) og Stavanger Museum sitt årsskrift frå 1940-41. Øvre Espedalsstølen vart truleg etablert sist på 1700-talet og i løpet av 1800-talet fekk stølsmiljøet sin karakteristiske utsjånad med dei fleste stølshusa samla på tre samanhengande rekker. Rekkene bestod av 4-8 bygningar bygd gavl mot gavl kor annankvar bygning vare eit stølshus med ei løe i mellom. Stølinga på Øvre Espedalsstølen tok slutt i 1913, mens slåtten haldt fram til 1942. I tidsrommet 1950-1980 skjedde det store endringar. Løene gjekk ut av bruk og rotna ned slik at dei opphavlege husrekkena gjekk i opplysing. Ein del stølshus vart flytta ut av rekka til nye plassar på stølen. I tillegg var fleire stølshus i dårleg forfatning og vart erstatta av hytter.

Sjølv om det opphavlege stølsmiljøet er borte er det framleis store verneverdiar knytt til landskapet og stølsmiljøet på Øvre Espedalsstølen. I Forvaltningsplan for Frafjordheiane landskapsvernområde (Fylkesmannen i Rogaland 2007) blir det påpeika at *"Stølsmiljøet på Øvre Espedalsstølen står i ei særstilling og det er også i kulturhistorisk interesse at dette vert ivaretake"*, s.44.

Fylkesrådmannen i Rogaland som er sektormyndighet for kulturminnevern har levert ein uttale til søknaden frå Arvid Espedal 23.10.2015. Her påpeker fylkesrådmannen at de to stølstuna på Øvre Espedalsstølen inngår i eit samla kulturmiljø med høg verneverdi og stor tidsdjupne. Stølstuna har ein bygningsmasse frå 1863 og fram til 2001, kor storparten av bygningsmassa er frå 1863 og fram til om lag 1930.

Det er ein del fotturistar i området om sommaren, men det er ikkje gjennomført teljingar av turisttrafikken.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere tiltaket si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Utover det aktuelle stølshuset står det 12 stølshus/hytter og tre uthus på Øvre Espedalsstølen. I tillegg går turstien mellom Øvre Espedal og Frafjord forbi staden, men talet på fotturister er relativt avgrensa.



---

Gjenoppbygginga av stølshuset vil medføre behov for om lag 5 helikoptertransportar og 6 ekstra transportar med ATV.

Gjenoppbygging av stølshuset vil til en viss grad påverke landskapet på Øvre Espedalsstølen, men ikkje i ein slik grad at det vesentleg vil endre landskapet sin art og karakter. At stølshuset vart tatt ned medførte ei negativ endring av verneverdiane knyt til bygningsmiljøet på staden. Gjenoppbygginga av stølshuset vil langt på veg rette opp att denne negative endringa. Det nye stølshuset vil bli litt høgare enn det gamle stølshuset, men det visuelle hovudinntrykket av bygningsmiljøet vil bli bevart.

Byggearbeida blir vurdert til å medføre ei avgrensa forstyrring av dyreliv og fotturistar under byggeperioden. Etter forvaltingsmyndigheita sitt syn vil derfor tiltaket det er søkt om berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område (§10).

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Slik forvalningsstyresmakta vurderer det er det positivt at stølshuset blir gjenoppbygd, og at stølshuset i hovudsak får ei utforming tilpassa resten av bygningsmiljøet på staden.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### *Konklusjon*

Etter verneområdestyret si vurdering vil tiltaket det er søkt om i liten grad ha negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskap og kulturmiljø på Øvre Espedalsstøl, og er såleis ikkje i strid med verneføremålet for Frafjordheiane landskapsvernområde.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

---